

Isdal

TEMA: Byggjeskikken ①115,
Frå tjoðveg til riksveg ①84, Kremmerleier ①105
KART: ④440

ISDAL er eitt av dei få klyngjetuna som ligg att i Hordalands-bygdene, etter at dei store utskiftingane kring hundreårsskiftet løyste opp fellestunet og den gamle teigblandinga. Dei lange, låge lemstovene ligg i eitt tett tun, som merkjer seg ut i landskapet når du reiser riksvegen nordover frå Knarrvik.



Den gamle postvegen fører framom Isdalstunet.

Garden Isdal er omtala i skriftlege kjelder alt tidleg på 1500-talet, men oppdelinga av garden i mindre bruk, og med mange brukarar i tunet, høyrer seinare hundreår til. Garden høyrde truleg under kongsgarden på Seim (③13) i mellomalderen. Seimgardane hadde heilt opp til vår tid nausta sine i Isdalstø. På Isdal var det også postgard og skysskifte, og sjølv skyssstasjonen var i Isdalstø.

Tunet på Isdal gjev eit inntrykk, som Havråtunet på Osterøy, av dei store fellestuna som prega Vestlandet fram til slutten av 1800-talet. Den reviderte lova om utskifting av jordfelleskap på innmark

kom i 1857, og det førte med seg at dei fleste tuna vart oppløyse og husa flytta ut til nye tufter. Det skjedde ikkje på Isdal, jamvel om utskiftinga av jorda er gjennomført for å samla bruka i større einingar.

Lemstovene på Isdal er vedlikehaldne med omhug av eigarane, og mange av dei historiske kvalitetane i tunet er tekne vare på. I 1980 vart det halde arkitektkonkurranse om byggjeskikk på Vestlandet. Isdal var eitt av modellområda, og etter denne konkurransen vart det bygt eitt nytt hus i tunet; eit langt, lågt hus som føyer seg fint inn mellom dei eldre lemstovene. Tunet er ikkje freda, men det har høg status som verneverdig kulturminne. □

POSTGARD OG SKYSSSTASJON

«DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI» frå 1700-talet, den av dei gamle postvegane ut frå Bergen som i dag er i best stand, går over Munkebotn, Eidsvågssjellet og Rolland og fram til Tellevik ved Hordvik. Her vart posten rodd over fjorden til Isdalstø. Frå Isdalstø var det kjøreveg nordover framom Seim og Neset til Låtrebogane ut mot Lurefjorden. Her var det ny båtskyss over til Hundvin, og så vidare landevegen frå Hundvin til Vågseidet (④440). Skyss-skaffaren i Isdalstø måtte såleis ha både hest, vogn og båt til rådvelde.

Det vart også skyssa folk andre retningar enn langs postvegen. Det kunne vera til gjestgjevarstaden Salhus, fjordungskyrkja på Hamre eller andre stader. Det er teke vare på ein skysskaffarprotokoll som gjev eit bilete av trafikken over Isdalstø frå 1820-1896. Han syner at det mest var embetsmenn, lækjarar og militærpersonar som nytta seg av skyss, men også ein og annan utlending – ein tidleg turist. Bygdefolket byrja ikkje å nytta skyssstasjonen før i 1870-åra.

Fram til 1936, då den nye dampskipskaien og seinare ferjekaien kom, var Isdalstø eit pulserande kystmiljø med gjestgjevarstad og handel, meieri og garveri. Garveribygningsen frå 1917 var i drift fram til midten av 1970-talet – ei gammal næring i desse bygdene (③24). I 1956 kom det ny riksveg og ferjeleie i Knarrvik. Då kom Isdalstø i bakevja.

ALVERSTRAUMEN

Gjestgjevarstaden i ALVERSTRAUMEN var i drift i 1660, men vi veit ikkje sikkert kor gammal denne staden egentleg er. Alt frå sagatida har den indre skipsleia mot nord gått gjennom Alverstraumen. Her drog kongar og krigsflåtar, biskopar og handelsmenn. Det kunne vera mange gode grunnar for å leggja eit herberge her. Straumen kan vera strid som ei elv, slik at det er mest uråd å koma gjennom sundet med ein mindre båt. Her låg nordlandsjekter som kom til nordfarstevnen i Bergen, her drog sildeflåten i førre hundreår på veg til og frå sildefiskeria ved Kinn, og her har sognejekter lasta med ved og bondevarer lege og bia på bør.

I tingboka for 1675 er eigaren, ANNA THOMASDATTER nemnd, og i 1682 vart det fortalt om henne at «Ane, sal. Abel Mogensen, gastgeberske, med sin datter og en bondepige, lever i største armød».

Seinare må staden ha vorte meir innbringande, og det var vanleg at både embetsmenn og andre reisande stogga her for å få seg mat og nattlosji. Ved ferda til kong CHRISTIAN VI i 1733 var det skysskifte i Alverstraumen:

«Her (i Kjelstraumen) blev tagen fridsk Skydtz videre til Alverstrømmen, 2 miil hvor 24 stækker af Bergens byes skipper med en deris Anfører (klæd i hvide damaskes Roederklæder underforet med Couleur de Rose taft, sorte Fløyels Buxer og perlefarvet Silkestrømper, gulgallunerede Hatte) sig indfandt, og udbad at de måtte roe Hans Mayest. til Bergen, hvilket dem blev tilladt, saa at de imod klokken 11 1/2 om natten bragte Hans Mayest. til Bergen, 2 miil».

Alverstraumen var ein ynda utfartsstad for betrestilte bergensfamiliar på 1800-talet; dei drog med vengebåt og seinare med dampskip. Gjestgjevarstaden gjekk etter kvart over til hotelldrift, og i 1920 brann hotellet ned til grunnen. Seinare kjøpte CHR. BJELLAND heile området og bygde ein hermetikfabrikk på staden.



D/S OSTER og D/S BØRØYSUND på 100-års jubileumstur i 2008 i Alverstraumen